

## Referat

### Møte i Arbeidsgruppa 21.9.2010

Stad: Kommunehuset på Dalen

Frammøtte: Arne Kjellsen, Ingrid Strande, Gry Aasne Wienenga, Olav Bjørn Bakken og Helge Kiland. Wienenga møtte i staden for Jon Tvittekkja. Ingrid Strande, Telemark fylkeskommunen blir fast medlem av arbeidsgruppa.

Meldt forfall: Marilyn Marskar.

#### 1. Referat frå møtet 9.6.2010.

Masseuttak Kjelaåi: Viser til sak 3.

Hovdestadmoen: John Kleiv opplyser i e-post 7.6.2010 at det blei søkt Fylkesmannen om godkjenning av avslutningsplan i 2005, utan å ha fått svar ennå. Kommunen bør likevel gjennomføre tiltak på eige initiativ.

Slamlagunar: Slamdeponiet på Velemoen er under avvikling, og avslutning blir prosjektert.

Kloakkleidning ved Austbø hotell: Utbetring av kloakkleidning er under prosjektering. Fylkesmannen vil be om ein liten avviksrapport frå uhellet i vinter. Farhovdtjønne vil bli nærare undersøkt gjennom overvakingsprogrammet i 2010.

Fullkarakterisering av vassførekomstar og oppfølging av forvaltningsplanen: Viser til sak 2.

#### 2. Oppfølging av mål og tiltak i forvaltningsplanen.

Forvaltningsplanen skal oppjusterast og samordnast med vassområda i planfase II. Vassregionen bør lage ein mal. Vassregionmyndigheten må gje bestilling til vassområda.

Telemark fylkeskommune må sjå til at forvaltningsplanen blir gjennomført og puffe på kommunane. Sektorane har ansvaret for gjennomføring av tiltak og bør presentere milepelsplanar.

Prosjektleiaren/Faun naturforvaltning arbeider for å bli overflødige i prosessen, men må rekne med å bli nytta i samband med møte i 2011. Olav Bjørn Bakken reknar med å halde fram som kontaktperson for kommunane. Arbeidsgruppa vil ikkje bli lagt ned, og framover ein må rekne med 1 – 2 møte i året. Overvakingsprogrammet vil vera eit viktig tema.

Faun naturforvaltning lagar utkast til handlingsplan for oppfølging av tiltaksprogrammet. For Tokke-Vinje vassområde vil vilkårsrevisjonen i stor grad styre løpet.

Overvakingsprogrammet skal gje svar på om tiltak fungerer. Viktig å vise til prosessen. Særmerknader i Kgl Res må følgjast opp.

Møtereferat, rapportar og andre dokument skal leggest inn under vassregion Viken vest i Vannportalen. Ein vil be vassregionen om å legge ut dei dokumenta som nå ligg under Prosjekt og planar på dei kommunale heimesidene. Dei kommunale heimesidene bør få ein link til Vannportalen.

### **3. Sluttsynfaring i Kjelaåi.**

Arne Kjellsen frå Fylkesmannen og Helge Kiland frå vassområdet møter på den synfaringa NVE har invitert til 7. oktober.

### **4. Tilstandskarakterisering**

Fylkesmannen ved Arne Kjellsen har hatt møte med Leif Simonsen i Ask Rådgivning om dei faglege oppgåvene Fylkesmannen har i arbeidet med vassforskrifta framover. I løpet av 2011 skal alle vasskvalitetsdata leggest inn i Vannmiljø. Fullkarakteriseringa skal slutførast, under dette inndeling i vassførekomstar, tilstandsvurdering, vurdere påverknader, utfylling av kommentarfelt og vurdering av risiko for ikkje å nå tilstandsmålet innan tidsfristen. Når alle data er på plass vil karakteriseringa kome av seg sjølv. Det vil nok likevel vera behov for noko manuell overstyring og kontroll.

Kiland la fram nokre presentasjonar frå eit nordisk seminar om fiskeoppdrett, med tankar om korleis oppdrett kan kompensere for langvarig næringsutarming i regulerte vatn. Han hadde også bilete frå utløpet av Fyresvatn som viser at stor algevekst ikkje bare treng å vera resultat av overgjødsling. Det kan vera behov for å dele noko av dette med ålmenta.

### **5. Eventuelt**

Neste møte i arbeidsgruppa er bestemt til tysdag 8. februar 2011, på kommunehuset i Åmot kl. 10. På møtet må også sektorleiarane i kommunane inviterast til å legge fram status i høve til handlingsplanen. Da vil også resultatet frå overvakingsprogrammet 2010 vera klart. Neste møte i Kraftutvalet er onsdag 13. oktober i Vinje.

Fyresdal 5.6.2009



Helge Kiland